

Dokumentnr.: 23/33398

Dato: 10.11.2023

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2024 – Fedje kommune

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) ber om at brevet vert distribuert til:

- Ordførar
- Kommunedirektør/ byrådsleiar

Dei store inkomstane av flyktningar frå Ukraina som starta i mars 2022 har fortsett gjennom 2023. Som følge av dette bad IMDi i 2023 alle kommunar om å ta imot til saman 38 000 flyktningar, noko som er eit rekordhøgt tal.

Behovet for busetting av flyktningar har aldri vore større, og busettinga har samstundes vore rask. Kommunane har vist ei svært positiv busettingsvilje i sidan krigen braut ut, og Fedje kommune har gjort ein viktig innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar. Dette er avgjerande i ei kritisk tid og noko det er behov for å vidareføre i 2024.

Det er uvisst kor lenge krigen i Ukraina vil vare og kor mange som vil kome til Noreg, men det er venta at inkomstane vil vere store også i tida framover. Noreg skal samstundes busette flyktningar frå andre konfliktområde i verda, og det samla behovet for busetting er difor venta å vere høgt også i 2024.

Kommunane har ei nøkkelrolle når det gjeld Noregs handtering av det som er den største massefluktsituasjonen i vår tid. Busettingsplassane som blir vedtatt og gjort tilgjengeleg for busetting er avgjerande for Noregs samla evne til å ta hand om flyktningane som kjem til landet. Vi oppfordrar difor kommunane til å fatte vedtak i samsvar med oppmodinga.

Oppmoding for 2024

Prognosane frå berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga viser at behovet for busetting i 2024 er berekna til å vere om lag 37 000 personar. Men behovet kan også endrast. Det er difor viktig at kapasiteten til å busette flyktningar kan justerast i samsvar med behovet. Flyktningane kjem gjennom heile året og behovet for busetting av 37 000 flyktningar gjeld for heile året.

Det er og forventet høge inkomstar av barn og ungdom som kjem til Noreg utan følge av foreldre eller andre vaksne med foreldreansvar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har fastsett kriterium som legg føringar for korleis det nasjonale busettingsbehovet skal delast mellom kommunane i 2024 (sjå IMDi.no). Det vert lagt størst vekt på kapasiteten og tenestetilboda i kommunane, samt erfaringar frå busettingsarbeidet i 2023.

Fylkeskommunane har kome med anbefalingar om kor mange flyktningar som bør busettast i kvar kommune i lys av det nasjonale busettingsbehovet. Kommunesektorens organisasjon (KS) har gitt innspel og tilslutnad til fordelinga.

Med bakgrunn i dette, oppmodar IMDi difor Fedje kommune om å busette til saman 20 flyktningar i 2024.

Kommunen må i tillegg rekne med å få fordelt einslege mindreårige med følgjeperson, då desse inngår i ordinær kvote og ikkje inngår i oppmodingstalet for einslege mindreårige.

Plassar som ikkje vert nytta i 2023 blir ikkje overført til 2024. Personar som er søkt ut til kommunen i 2023, men som først vert registrert som busett etter årsskiftet, vil telje på kommunens vedtak for 2024. Dette er ei vidareføring av gjeldande praksis.

Svar på oppmodinga

IMDi set stor pris på den formidable innsatsen som kommunen har lagt ned i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar i 2023, og ber om svar på oppmodinga om busetting i 2024. Vi ber om at svaret tek omsyn til følgjande:

1. Det må kome tydeleg fram av vedtaket kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2024.
2. Vi oppfordrar om å fatte vedtak i tråd med talet det er oppmoda om.
3. Vedtaket kan ikkje inkludere familiegjenforeina eller innehalde andre reservasjonar.
4. Vi ber om ei vurdering av kor mange fleire flyktningar, av desse einslege mindreårige, kommunen potensielt kan busette i 2024 om behovet aukar.
5. Vi ber om ei vurdering om kva som skal til for å oppretthalde høg kapasitet for busetting i kommunen.

Frist for å svare på oppmodinga er 25.02.2024. Dersom fristen ikkje kan møtast, ber vi om tilbakemelding på om når saka kan handsamast i kommunen. Vi legg til grunn at busettinga i kommunen kan fortsette i påvente av politisk handsaming i kommunen i tråd med praksis.

Når kommunen fattar vedtak skal det

- sendast skriftleg kopi av vedtaket til post@imdi.no med kopi til KS ved nina.gran@ks.no og til fylkeskommunen.
- registrerast vedtakstalet i IMDi sitt fagsystem for busetting (IMDinett) etter at oppmodinga er mottatt digitalt. For rettleiing, sjå: [Kommunens vedtak og planlegging | IMDi](#)

Aktuelle tilskotsordningar

- Kommunar som buset flyktningar får utbetalt integreringstilskot. Tilskotet vert utbetalt etter at flyktningen er busett. Tilskotet skal medverke til at kommunane arbeider aktivt med busetting og integrering for at flyktningane skal kome i arbeid, forsørge seg sjølv og delta i samfunnet så raskt som mogleg.
- Kommunar som buset einslege mindreårige flyktningar mottar eit særskilt tilskot i tillegg til integreringstilskotet. Tilskotet gjeld både for einslege mindreårige flyktningar med og utan følgjeperson, og blir utbetalt etter at flyktningen er busett.
- Nokre flyktningar har eit særskilt behov for oppfølging og tilrettelegging på grunn av funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Kommunar som buset flyktningar, må rekne med at einiske personar har slike særskilte behov. Kommunar som buset personar med lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar kan søke tilskot frå IMDi for å dekke ekstraordinære utgifter.
- Kommunar kan og få tilskot for vaksne innvandrarar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Les meir om tilskot på IMDi sine nettsider: <https://www.imdi.no/tilskudd>

Kontakt

Ta kontakt med IMDi ved spørsmål kring oppmodinga. IMDi kan nås på telefon 40 00 19 60 og e-post: post@imdi.no. Sjå og oppdatert informasjon på imdi.no.

Med helsing

Libe Rieber-Mohn
Direktør
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Kopimottakarar:

Kommunesektorens organisasjon – KS

Fylkeskommune